


Målt levetid på sparepærer

Sparepærer skal spare energi og vare lenger enn vanlege pærer. Prisen pr pære er jo gjerne 3-6 gonger høgare enn for vanlege pærer, sjølv om ein kan finne rimelege tilbod innimellom. Vanlege pærer ha nominell levetid på 1,000 - 2,500 timar, avhengig av fabrikk, styrke etc. Sparepærene er oppgitt å leve like lenge som 4-8 vanlege pærer, sikkert avhengig av kva som meinast med ”vanlege pærer”; 8 – 10,000 timar (12-14 månader) levetid verkar vere gjennomgåande i produktinformasjonen for sparepærene, i alle høve for dei som er med i statistikken som er presentert i denne artikkelen.

Runde miljøsender har på eige initiativ samla data for levetid på ein del sparepærer (slike med vanleg skrusokkel) for å få erfaringstal og statistikk for levetid. Det er ikkje noka fullt vitenskapleg granskning som er gjennomført, vi har notert dato for når, etter behov, nye pærer er satt inn, og når dei så slokna. Materialet vi tar for oss her, dekkjer perioden 1998 til 2006 (nye data blir samla inn fortsatt). Vi har ikkje utelate pærer av eine eller annan grunn, alle som er notert med innsatt dato er registrert når dei slokna. Pærene har vore brukt i bygningar h.h.v. på Runde/Møre og i Bergen.

Materialet tel 21 pærer, fordelt på eit 9 ulike merke/produkt. Innkjøpa er gjort tilfeldig, både i spesialbutikker og i kolonialbutikker. Pris og innkjøpsstad er ikkje notert systematisk, kun merke og spesifikasjonar på pærene, dato for montering og for når sløkt, samt plassering/lokaltet. Dei fleste har stått på konstant (i trappegang o.l.). Kun ei av pærene var nytta i utelampe. For stader der pærene har blitt slått av periodevis er den faktiske levetida/brukstida blitt estimert.



Registrert levetid, månader, for 21 sparepærer brukt i Bergen og på Møre i perioden 1998-2006.

Resultata for levetid er synt i figuren. Verdiane varierer frå 3.5 månader til maksimalt 40 månader, med 13.4 månader som middelvdi (standardavvik: 9.6). Pærer montert i

Bergen er i fleirtal i materialet. Ut frå fordelinga mellom dei to brukslokalitetane er det ingen tydeleg skilnad, m.a.o. eventuelle skilnadar i nettspenning/stabilitet, hyppigheit av nettutfall o. l. synest ikkje vere reflektert i materialet. Men det kan merkast at Møre er underrepresentert i siste halvdel av serien.

Frå 1998 til 2003 var det stigande trend i levetida, som så synest falle igjen mot slutten av serien. Lengst levetid hadde ei pære av merket Osolux (40 mndr), følgd av to pærer med IKEA merke (28 og 30 mndr). Dei to IKEA pærene er dei einaste av dette merket i materialet, m.a.o. dei var ikkje i tillegg representert med lågare levetid. Osolux hadde ei anna pære, med 7 månader levetid.

Det kan merkast at pæra med 40 månader levetid stod i ein gang med for det meste lys på heile døgnet, men med tidvis sløkking om sommaren. M.a.o., estimatet for levetida på denne pæra har ei viss usikkerheit i seg, kanskje +/- 15-25%. Vi har likevel valt å ta med denne pæra også i statistikken. Utan den, er gjennomsnittleg levetid i materialet 12.1 månadar (7.7 månadar standardavvik).

Pæra som stod i utelampe, hadde levetid på 6 månadar, m.a.o. under gjennomsnittet.

Det kan konkluderast med at det er stor variasjon i faktisk levetid for sparepærer, og at mange, kanskje 1/3 som dette materialet indikerer, ikkje når opp til nominell levetid. På den andre sida er det nokre pærer/merke som har markert lengre levetid enn det nominelle. Vi noterte ikkje systematisk innkjøpspris på pærene, men noterte ved eit par tilfelle at pærer på tilbod (10-kroner f.eks.) hadde levetid over middelverdien i materialet.

Når det gjeld økonomien for øvrig for sparepærer versus vanlege pærer så er jo mantraet at sparepærer er best. Her er nok biletet meir nyansert, avhengig av kvar og korleis pærene blir brukt, om ein tek omsyn til avgitt varme i tillegg til lysmengde etc. Vanlege pærer produserer mykje varme relativt sett, og bidrar til å redusere behovet for energi til romoppvarming vinterstid. På den andre sida kan varmen frå slike pærer bidra til auka energiforbruk til kjøling i perioder når det er verkeleg varmt, t.d. i meir sydlige støk.

Ta gjerne kontakt med Runde miljøsenters for evt spørsmål eller kommentarar til denne artikkelen, og for fleire detaljar omkring prosjektet og datamaterialet.

NB: Sparepærer inneheld mindre mengder kvikksølv, og ein del syntetiske stoff. Sørg for forsvarleg retur av utbrukte pærer.



Runde miljøsenters, <http://www.rundecentre.no>